

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 293, 5918 FREKHAUG

12.03.2015

Meland Kommune

v/Marius Flemmen Knudsen

Postboks 79

5906 FREKHAUG

SØKNAD OM JORDPÅFYLLING OG PLANERING PÅ GNR. 22, BNR.4 – MJÅTVEIT

Viser til dykker skriv dat. 10.3.15, og tidlegare innsendt orientering. Arealet som det vert søkt om er inntekna på vedlagte kart, og i det praktiske arbeidet delt i tre delar. Arealet er ei torvmyr som vart dyrka på 1980 talet. Det vart drenert med meir enn 250 meter grøft pr. dekar, og myra har gjeve stor avling og våre avgjerande for drifta på garden.

Etter oppdyrkninga har myra sige med over 3 meter på det djupaste, og det kom fram ein god del knausar på arealet. Grøftene byrja å bli øydelagte på grunn av fjell i utløpa. Det er trong for å fylla opp heile arealet, slik av ein har rikeleg grøftedjupn og utfall for grøftene utan å skyta. Det vert å fylla på frå 0 til 4 meter med lausmassar. Typen massar vert avgravingsmassar, jord og ein del stein. Etter påfylling vert arealet sådd til med raigras i gylleblanding, og beita med dyr mens ferdiggjering av arealet pågår. Alle stader me arbeider legg me vekt på å få arealet grønt straks vekstsesongen er i gong.

Før påfylling vert det bygd køyrevegar/beitevegar rundt feltet. Dette gjer at det ikkje vert jord som kjem på avvegar eller sig ut. Det er, jmfr. Miljøplanen på bruket, sett av ei kantsone langs nedre del av Mjåtveit elva. Her blir skogen tatt vare på. All avrenning oppom feltet er leda inn i grøfter som fører vatnet vekk slik at det ikkje kjem inn i lausmassar. Arealet skal nyttast til varig eng. Påfylling av massar på del 1,(ca.6da), og 2,(ca. 3 da), reknar me med er ferdig og lagt grønt i mai 2015, medan del 3,(ca.2 da), vert planlagt lagt grønt innan utgangen av august 2015. Fyllingshøgda vert maksimum 45 m.o.h. under arbeidet med påfylling. Ferdig planert er det tenkt utgangspunkt i høgda på beitevegen rundt, og maks 1: 50 stigning inn mot midt felt. Etter det startar det agronomiske arbeidet med finplanering grøfting og liknande. Dette er arbeid som alltid vil foregå på garden og som me ikkje reknar inn under søknaden.

Når det gjeld transporten inn i området, så er den private gardsvegen kobla direkte inn i den nye rundkøyringa på Mjåtveit. Transporten er aldri til hinder for annan trafikk, og har heller ikkje gjeve køar. Me innrettar oss etter dei reglar som gjeld for fylkesvegen og har hatt dialog med vegvesenet når det er naudsynt.

Dei siste åra har det vore press på areala me driv både på Frekhaug og Ryland, og det har derfor stor betydning å få oppgradert areala som ligg nær driftsbygningane. Vonar på positivt svar og god dialog vidare.

*illwt.
Magnar Askeland*